



Tollbodallmenningen 1 B

5004 Bergen

SAMNANGER KOMMUNE	
SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK NR.....	J NR.....
16 AUG 2017	
EMNEKODE:.....	
OBJEKTKODE:.....	
SAKSH:.....	GRADERING.....

Til

Ordfører Knut Harald Frøland

Samnanger kommune

Tyssevegen 217,

5650 Tysse

Vedkommande kommunal veg til Fjordtønna Économusée og fornying av medlemskap og kontrakt

Om status for Économusée i Norge

Norges Vel har etter Hordaland fylkeskommune tatt på seg ansvaret for å utvikle Économusée nettverket i Norge og vidareutvikle samarbeidet i det internasjonale nettverket. Det vert no utvikla nye Économusée på Vestlandet, der også Møre og Romsdal vil få 2 nye Économusée i løpet av det neste året. Norges Vel har som mål å få på plass ein nettverksøknad til Innovasjon Norge i løpet av hausten 2017, der vi er avhengig av at bedriftene vert med på ein felles søknad. Dessutan skal vi i møte med Nærings og Handelsdepartementet no i august for å drøfte søknad om eit nasjonalt utviklingsprosjekt, for å bygge Économusée nettverket for heile landet. Dessutan er det søkt vegvesenet om å få på plass skilt for alle Économusée bedriftene langs hovudvegane og kommunale vegar. Ei ny fellesbrosjyre med kart over alle Économusée bedriftene på Vestlandet vert no distribuert til bedriftene og turistinformasjonar på Vestlandet.

Om status for Fjordtønna Économusée

Fjordtønna har store problem med tilkomst for besøkande. Fjordtønna vart omsøkt av Samnanger kommune til å verte eit Économusée allereie 16.juni i 2008, og der det i skrivet frå ordfører vart sagt «at verksemda stettar alle kriteria for å ta del i Économusée». Eit av hovudkriteriene til å verte Économusée var at det skulle vere god tilkomst for besøkande, noko som viste seg ikkje var

tilfredsstillande til Fjordtønna. Dette var eit tema som tidleg vart teke opp med dåverande ordførar, der både EU prosjektet v/fylkeskommunen og verksemda var lovt at dette skulle ordne seg snarast råd. Tilkomsten vart ikkje utbetra til opninga i 2010, heller ikkje i tida etterpå.

Fylkeskommunen sendte difor eit skriv 9. juni 2011 til Samnanger kommune vedkommande utbetringar av tilkomsten, der ein bad Samnanger kommune om å finne ei god løysing på tilkomstproblematikken til Tysse gard, slik som ein hadde avtalt ved fleire «munnlege samtaler» med kommunale representantar. Første reoperasjonen vart utført i 2013, men måtte takast att i 2014 då dosering av svingen mellom anna var feil og det er den framleis.

Tide Reiser hadde utvikla gruppe besøkspakker til Économusée bedriftene i 2014, og den første Tide bussen skulle komme til var Fjordtønna den 3. juni. Bussen kom seg aldri opp til Fjordtønna Économusée, og bilen fekk skada eine sida under forsøket på å komme seg fram. Resultatet vart at Tide Reiser måtte kutta ut besøk til Fjordtønna. I brev av 10. mars 2016 frå Tide Buss seiest det at vegen må utbetrast ytterlegare før bussar kan bruke den, der særleg den første svingen er eit stort problem.

Vidare har det ved alle Économusée vore eit uttrykt ønskje om at vertskommunane gjer seg nytte av sine Économusée ved å sende besøksgrupper dit for å vise fram si lokale historie og sine stolte handverkstradisjonar. Utifrå informasjon frå Johannes Tysse, Fjordtønna så har kommunen omtrent ikkje nytta seg av Économusée til eigne framvisingsformål, korkje for kommunale gjestar, pensjonistar eller skulesekken. Skilting og informasjon om Économusée bedrifta i kommunen har heller ikkje vore særleg prioritert, og kommunalt informasjons-/orienteringsskilt slik som tilrådd av Næringsforum ved fleire høve, har ikkje blitt sett opp. Det finns ikkje noko kommunalt vegskilt som viser retning til Fjordtønna.

Konklusjon

Fjordtønna står no i den situasjon at verksemda må fornye sin 5-års kontrakt for å kunne fortsetja som kvalifisert medlem i Économusée nettverket. Verksemda tilfredstillar alle kriterier som dei sjølv rår over for å vera eit Économusée, men tilkomst til Tysse gard er ikkje tilfredsstillande. Dette var og er kommunen sitt ansvar i fylgje avtalen, og det er eit grunnleggjande krav at det må vera ein tilfredsstillande tilkomstveg til Économusée bedrifta. Norges Vel har nyleg søkt om å få setje opp skilt for alle Économusée bedriftene, men vi kan ikkje sjå at Fjordtønna vil kvalifisere for ei slik skilting langs hovudvegane så lenge det ikkje er tilkomst for bussar.

Dessutan vil Norges vel og stille spørsmål til vertskommunen si rolla med omsyn til meir lokal bruk av Économusée som eit visningssenter for besøkande til kommunen, koordinert deltaking i kommunalt informasjonsmateriell/marknadsføring, og betre retningsvising til opplevingsverksemda Fjordtønna.

Krav for å få forlengje kontrakten med Économusée nettverket

Tilkomstvegen må utbetrast etter ein plan som vert utarbeida av kommunen hausten 2017, og utbetringa må gjennomførast slik at denne vegen vert klar for sesongen 2018 innan 30. mars 2018. Dersom dette ikkje vert gjort, vil diverre Norges Vel måtte tilrå at Fjordtønna ikkje får fornya kontrakten sin med Économusée nettverket.

Dersom det vert ein diskusjon mellom kommunen og bedrifta i ettertid av ein eventuell eksklusjon av Fjordtønna som Économusée, så vil Norges vel for ordens skyld opplyse om at Hordaland fylkeskommune og EU sitt Interreg program har investert og tilrettelagt for ei utstilling til ein verdi av NOK 900 000, og frå bedrifta sjølv vart det investert i bygg og anlegg m.m. for minst NOK 800 000 ekskl. mva i 2010.

Vi voner at Samnanger kommune i tråd med drøftingane som Norgesvel hadde med ordfører 7. desember 2016, vil prøve å finne fram til ei snarleg og god løysing på tilkomstproblematikken langs kommunal veg til verksemda. Dessutan må det utviklast betre koplingar og samarbeid mellom lokalsamfunn, bedrift og kommune for framtida, noko som Samnanger kommune må ta initiativ til, eventuelt i samarbeid med Norges Vel.

Vi voner å få høyre frå Samnanger kommune så snart som råd er i denne saka.

Bergen 15.08.2017

Med vennleg helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Asbjørn Stavland". The signature is written in a cursive style with a large initial 'A'.

Asbjørn Stavland,

Mobil 95146623

Asbjorn.stavland@norgesvel.no

Kopi sendt: Fjordtønna, Indre Tysse 56, 5650 Tysse